



**Fredag, laurdag og søndag:**  
Søraust eller aust laber bris 7, laurdag noko minkande. Delvis skya og for det meste opphaldsver, frå laurdag stort sett pent ver. Fallande temperatur.

Flo: Fredag 01.01 13.10  
Fjøre: Fredag 06.58 19.28  
Flo: Laurdag 01.35 13.45  
Fjøre: Laurdag 07.34 20.05  
Flo: Søndag 02.09 14.19  
Fjøre: Søndag 08.11 20.43

<b>Fredag</b>	<b>Laurdag</b>	<b>Søndag</b>
Sol opp 09.12	Sol opp 09.10	Sol opp 09.07
Sol ned 16.20	Sol ned 16.23	Sol ned 16.26



**Journalistvakt kveld/helg 40 40 21 40**

Dødsannonse kan ringast inn søndag mellom kl. 16.00 - 17.00. Telefon 57 87 45 11

**FJORDINGEN**

## Humoristisk sidesyn

slik vi ser det...

Stryn kino:

**Mission Impossible - Ghost Protocol**



Ein av dei største action-filmene denne vinteren står for døra når Tom Cruise er tilbake i rolla som spesialagent Ethan Hunt. Denne gongen får agenten og teamet hans skulda for terroristbombainga av Kreml. Heile organisasjonen hans blir avvika når presidenten kort tid etter annonserer «Ghost Protocol». Ethan må reinvaske byrået sitt og hindre nye terrorangrep. Han blir og tvinga ut på eit farleg oppdrag saman med tidlegare agentkollegaer på flukt frå myndigheitene. Amerikansk action.

**Baksida**

# Budeiefriing

I gamle dagar gjekk vi frå sæter til sæter og fridde etter budeiene. Det var ein hard jobb. Det var nokre kilometer mellom kvar sæter, og det var ikkje alle budeier som var like interesserte. I tillegg var det ein del som var både gamle og gifte. Såleis kunne det hende at det var berre ei budeie på akkurat den sætra som det var noko vits i å stå utanfor seldøra til. Kom det flotte budeier frå andre bygder, kunne det vere tilløp til kø utanfor. Det enda ofte med slåsskamp og at ingen slapp inn. Ein skøyar frå bygda her hadde innbilt oss ungdommen at den nye budeia på Nedsætra var så lause på tråden. Ho var frå Loen og hadde visst jobba på hotellet der. No fekk ho ikkje lov lenger, sa han. Ho hadde visst vore for ivrige med sørvisen.

Kvelden etter var det stor oppstandelse på stølsvollen. Gutkvalpar frå heile bygda hadde

møtt opp. Her skulle kvelden sikrast. Ein og annan gift, eldre mann slang også forbi. Pent pynta, men når vi spurde var han på veg for og sjå etter sauene...

Så starta tiurleiken. Her gjaldt det å få kome inne til lotausa. Aleine. Eg hadde satsa på taktikken med drops. Peppermynthe-drops til dess! Dyraste slag. Problemet var at eg kom ikkje fram til døra ein gong. Eg var for veik i dette laget. Det var nok av store dryllarar. Etter ein god del skjenning og ein tre-fire durabelege slagsmål, var Karl komen fram til seldøra. Han var ei slye. Men ei sterk slye. Vi andre sat igjen 30-40 meter lenger bak. Skuffa og oppbanka.

Vi såg ryggtavla til Karl. Høyrdet han prata med lys og smiskete stemme. Så lo han ein rar latter. Vi klarte ikkje å plassere den heilt. Litt spent. Litt redd. Ja, som sagt. Vi klarte ikkje å plass-

ere latteren. Så kom skriket. Han skreik som ein skada hare. Høgt. Skingrande. Det gjekk som kaldt vatn gjennom årane våre. Kva hadde skjedd? Karl låg i bislaget som ein ball. Samankrøkt og gispa etter luft. Utan evne å gjere greie for seg.

Vi fekk liv i han etter kvart. Lotausa hadde lurt han. Spelt med. Sagt at ho måtte få sjå kva han hadde å fare med. I det han hadde stukke det fram i dørsprekka for å vise fram, hadde ho slemba igjen døra. Og medan senior Karl hadde stått utanfor døra, hadde junior Karl vore halvvegs innanfor...

Det gjekk ein stund før nokon sto utanfor den døra og banka på igjen.

Som sagt. Det tok ei stund å gå mellom kvar sæter. På den måten fekk vi bygd opp litt spenning når vi gjekk sætrelangs.



No kan ungdommen i Stryn glede seg til mange nye «mørebudeier». Hyttene kjem så tett i Stryn no, at det kjem til og vere ei budeie til kvar.

Til dei som skal på friarferd vil eg vil anbefale pepparmynthe-drops. Det fungerte i alle fall på ei illsint budeie frå Loen. Til slutt...

Gruble Gangsyn

# Framtidsmøte med finanssjefen

**Ungdomspolitikarar frå fylket har denne veka diskutert skule og arbeidsplassar i samband med ein ungdomskonferanse med finansminister Sigbjørn Johnsen.**

Sigrud Heggstad  
sigrud.heggstad@fjordingen.no

Finansministeren inviterte sist måndag ungdom frå heile landet til å diskutere korleis Norge skal vere i framtida. Frå Sogn og Fjordane deltok Benjamin H. Heimset, Vilde T. Øvstetun og Ingrid Øien i Ungdomspolitisk utval (UPU).

– Det var både kjekt og lærerikt. Vi hadde gode diskusjonar og fekk fram det vi ville. Vi fekk også inntrykk av at politikarane tok oss på alvor, og tek med seg innspela våre vidare, seier nestleiar i UPU, Vilde Tøfte Øvstetun. Finansministeren hadde invitert tre ungdomar i alderen 15- 19 år frå kvart fylke til ungdomskonferansen. Der ville han finne ut kva ungdom meiner om Norge i dag og i framtida. Selssetjing, velferdsstaten, miljø og klima vart blant tema som stod på dagsorden. Ungdomane




Vilde Tøfte Øvstetun (f.v.), Benjamin Hellesten Heimset og Ingrid Øien saman med finansminister Sigbjørn Johnsen. (Foto: Finansdepartementet)

vart blant anna delt inn i grupper for å kome fram til kva Norge bør satsa på i framtida.

– Grappa mi meinte at velferdsstaten bør styrkjast. Vi ville ha ein betre skule, og særleg ei betre rådgjevingsteneste frå

grunnskulen av, fortel Øvstetun. Konferansen gav også ungdomane sjansen til å bli kjende med ungdomspolitikarar i andre fylke og lære av kvarandre. Øvstetun fortel at dei fekk idear til korleis dei kan arbeide framover.

– Det var også kjekt å høyre at Sogn og Fjordane er eit bra fylke samanlikna med ein del andre. Det vart blant anna trekt fram at vi har lite fråfall frå vidaregåande skule, seier ungdomspolitikaren.



Fredag 27. januar 2012